

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
017.7	Knut Øyjordet	23.01.24	6/24

## **SØKNAD OM FORNYING AV HAMNELEIGEKONTRAKT FOR 2024-2033 – VÅGÅ TAMREIN AS**

*Saksdokument:* E-post frå Vågå Tamrein AS v/Dag Inge Bakke av 15.01.24 til fjellstyret.

### *Saksutgreiing og vurdering:*

Hanneleigekontrakta mellom fjellstyret og Vågå Tamrein AS gjekk ut nå ved nyttår. Tamreinlaget har sendt ein e-post til fjellstyret der det blir søkt om ny kontrakt på ti år. I søknaden står det også at «Vi tek gjerne utgangspunkt i den gamle kontrakta, da vi ikkje har noko spesielle endringar i vår drift, verken i flokkstruktur eller beitemønster».

Som for både ti og tjuе år sidan, ang. fornying av hanneleigekontrakt, vil det vera naturleg å starte prosessen med eit møte mellom representantar for fjellstyret og representantar for tamreinlaget, der det blir gått gjennom gjeldande avtale og der partane kan kome med eventuelle ønskje om endringar. Deretter vedtek fjellstyret eit tilbod til tamreinlaget. Tida får vise om det blir behov for fleire møte før ei endeleg kontrakt blir underskrive. Etter reglane i fjellova (§ 17), skal fjellstyrevedtak om bortleige av tamreinbeite bli stadfesta av Landbruks- og matdepartementet). Sjølv om gjeldande tiårskontrakt har gått ut, bør det ikkje vera noko problem at Vågå Tamrein nyttar beite i Langmorkje statsallmenning inntil ny avtale er vedteke.

### **Innstilling til vedtak:**

Fjellstyret er innstilt på å inngå ei ny tiårskontrakt med Vågå Tamrein A/S om beite i Langmorkje statsallmenning. Fjellstyret vil starte prosessen med å kalle inn Vågå Tamrein til eit møte. For fjellstyret møter: Desse skal utarbeide eit forslag til ny kontrakt som fjellstyret skal behandle. Saka vil bli forvarsla og vedtak om forslag til ny kontrakt vil bli lagt ut til offentleg ettersyn på vanleg måte. Inntil ei ny kontrakt er stadfesta, kan gjeldande kontrakt vidareførast frå 01.01.2024.

**Vedtak:** Samrøystes: Fjellstyret er innstilt på å inngå ei ny tiårskontrakt med Vågå Tamrein A/S om beite i Langmorkje statsallmenning. Fjellstyret vil starte prosessen med å kalle inn Vågå Tamrein til eit møte. For fjellstyret møter leder Hans Petter Vaberg, nestleder Rikard Odnes og dagleg leder Knut Øyjordet. Desse skal utarbeide eit forslag til ny kontrakt som fjellstyret skal behandle. Saka vil bli forvarsla og vedtak om forslag til ny kontrakt vil bli lagt ut til offentleg ettersyn på vanleg måte. Inntil ei ny kontrakt er stadfesta, kan gjeldande kontrakt vidareførast frå 01.01.2024.

Pål Grev var inhabil og deltok ikkje i behandlinga av saka.

*Rett utskrift. Går til:*

Vågå Tamrein AS v/Dag Inge Bakke

Vågåmo, 23.01.24

Knut Øyjordet (e.f)